

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Mona Høgli (MDG) sette på vegner av MDG, SV, A, Krf og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet oppmodar Flåm Travel AS om å nytte mest mogleg miljøvennlege bussar.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 29.03.21 frå Flåm Travel AS, org.nr 913 890 345, på følgjande vilkår, pkt 2-6.
2. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte rutetilbodet likeverdig med andre.
3. Vestland fylkeskommune kan på kort varsel påleggje Flåm Travel AS å gjere tilpassingar i bruken av haldeplassar med vidare.
4. Flåm Travel AS skal sende rutedata til Entur AS etter retningslinene i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2.
5. Flåm Travel AS, skal ikkje nytta namnet «Vandrebussen» eller liknande, og marknadsføringa og vognene som vert nytta skal skilje seg tydeleg frå marknadsføringa og vognene til Skyss/Kringom.
6. Fylkesutvalet oppmodar Flåm Travel AS om å nytte mest mogleg miljøvennlege bussar.